

Ha-Plan As
Strandgata 44A
6270 Brattvåg

Dykkar referanse:

Vår referanse:
26/126, 26/16927

Arkivkode:
L42 313/3

Dato:
02.07.2026

Gbnr 313/3 Masseuttak/Industritomt - Forlenging av frister

Behandling:

Delegert sak nummer: 124/26	Dato: 02.07.2026
-----------------------------	------------------

Tiltak: Masseuttak/Industritomt
Byggestad: Gbnr. 313/3 Haramsvegen 353
Tiltakshavar: Terje Aakre/Andreas Harald Aakre
Ansvarleg søkar: Ha-Plan As
Søknad komplett: 30.06.2026

Delegert vedtak:

Vi godkjenner ikkje søknad om utsatt frist til 31.12.2029 for avslutning av tiltaket.

Det er i søknaden opplyst om at siste sprenging av i 2023 og siste knusing vart utført sommaren 2024. Dette inneber at vi dag ikkje har eit gyldig vedtak – ref plan- og bygningslova § 21-9.

Yttarlegare tiltak på eigedomen vil kreve ny søknad.

Dette gjeld imidlertid ikkje pkt 6.3 og 7 i driftsplanen der det står:

6.3 Planlagt opprydding og sikring under drift.

Det blir utført fortløpande istandsetting og sikring av ferdig utteke areal. Renskemasser som består av leire, silt og lyng blir brukt som støyvoller rundt området. Eventuelle tre blir kapp og køyrt bort. Etter at fjellet er ferdig reinska blir det oppsett sikringsgjerde. Under drift blir det permanent gjerde for å sikre området. Steinanker på pallekant og framfor pallefot.

7 Avslutning av berguttaket.

Berguttaket skal avsluttast som ei grovplanert industritomt. Det må sørgast for at inngjerdinga mot fjellskjeringa er intakt, samt reinsking og sikring av eventuelt laust fjell i skjeringane. Fjerning av konstruksjoner, infrastruktur og skrot. Påfylling av jordmasser planting i pallhyller. Eventuell skade på omliggande areal må tilstellast.

Det må sendast inn eiga utgreing for gjennomføring av pkt 6.3 og pkt 7.

Postadresse:
Postboks 33
6282 Brattvåg
E-post: postmottak@haram.kommune.no

Telefon:
Sentralbord: 70 20 75 00
Direkte: «Sbr_Tlf»

Nettside:
haram.kommune.no
Organisasjonsnummer:
829 912 252

Protest frå nabo, eigar av gbnr. 313/2, blir tatt til følge.

Saksopplysningar

Vi viser til søknad om endring av gitt tillatelse datert 23.04.2026.

Det vert søkt om frist for ferdigstilling av masseuttaket for industritomta til 31.12.2029.

Kort historikk:

- | | |
|------------|--|
| 15.06.2020 | Opprinneleg vedtak om uttak av fjellmasser med ferdigstilling 31.12.2021
Bearbeiding/knusing av steinmasser med ferdigstilling 31.12.2023.
Revegetering iflg driftsplan med ferdigstilling 31.12.2023. |
| 04.07.2022 | Endring av gitt løyve.
Sluttdato for uttak av fjellmasser vert endra frå 31.12.2021 til 31.12.2024
Sluttdato for bearbeiding/knusing av steinmasser vert endra frå 31.12.2023 til 31.12.2024.
Sluttdato for revegetering av fjellskjering vert endra frå 31.12.2023 til 31.12.2025. |
| 15.01.2026 | Spørsmål om status i sak. Sjå kommentarer nedanfor. |
| 23.04.2026 | Søknad om endring av gitt tillatelse – ferdigstilling innan 31.12.2029. |
| 16.06.2026 | Uttale frå Direktoratet for mineralforvaltning. |
| 22.06.2026 | Uttale frå Statens vegvesen. |
| 24.06.2026 | Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune. |
| 30.06.2026 | Uttale frå Statsforvaltaren. |

For området gjeld følgande:

1. Området er ikkje regulert.
2. Arealdelen av kommuneplan for Haram med føresegner gjeldande frå 18.06.2020.

Eigedomen er i kommuneplan i hovudsak lagt ut til industri.

Tiltaket er nabovarsla. Vi har mottatt merknadar. Eigar av gbnr. 313/2 protesterer mot tiltaket.

Fråsegn frå annan myndigheit

Møre og Romsdal fylkeskommune (sjå vedlegg):

«Konklusjon

Fylkeskommunen rår til at kommunen er tilbakehalden med å gi dispensasjon for ytterlegare forlenging av masseuttaket. Det må gjerast ei konkret vurdering av om vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte, der fordelane ved dispensasjon må vere klart større enn ulempene, og omsyna bak LNF-formålet ikkje må bli vesentleg tilsidesette.

Dersom kommunen likevel vurderer å gi dispensasjon, bør det stillast strenge vilkår om endeleg avslutning, framdrift, sikring og tilbakeføring, samt dokumentasjon av økonomisk garanti.

Fylkeskommunen vil vidare tilrå at framtidig arealbruk avklarast gjennom reguleringsplan i tråd med plan- og bygningslova §§ 12-1 og 12-2, for å sikre open, føreseieleg og heilskapleg arealforvaltning.»

Statsforvataren i Møre og Romsdal (sjå vedlegg):

«Konklusjon

Statsforvaltaren vurderer grunngjeving for søknad om utsett frist som svak, og rår frå opning for ny frist på dette grunnlaget. Vi stiller vidare spørsmål ved reell moglegheit til å søkje om utsett frist lang tid etter at opphavleg frist er gått ut.

Vi ber om få vedtaket tilsendt.»

Statens vegvesen

«Vår vurdering

Vi har ikkje merknadar til denne saka.»

Direktoratet for mineralforvaltning (sjå vedlegg):

«Uttale frå DMF

Kommunen vurderer å godkjenne ny søknad om utsett sluttdato. Det blir samtidig lagt til grunn at sikring sannsynlegvis ikkje er tilfredsstillande og i samsvar med driftsplanen. DMF minner her om at den som driv masseuttak omfatta av minerallova er ansvarleg for å sikre uttaksområdet forsvarleg. DMF kan føre tilsyn med at sikrings- og oppryddingsplikten blir etterlevd.


DMF har ingen innvendingar mot at drivar får godkjent løyve om utsett sluttdato, forutsett at tiltaket er forsvarleg sikra i resten av driftsperioden og at avslutting blir gjort i tråd med avslutningsplan i godkjend driftsplan.»

Kommentar frå kommuna:

Det vart 01.07.2026 gjennomført møte med tiltakshavar gjeldande sikring av området. Vi bad der om å få tilsendt utgreiing om sikring av uttaksområdet.

Frå godkjend driftsplan:

Inngjerding av industritomt.



Snitt med markering flettverksgjerde og pallkoter:




Fig. 7-2. Snitt 1 for avslutta masseuttak klargjort til industritomt.

Vurderingar

Saka gjeld:

Vi viser til endrings-søknad datert 23.04.2026. Søknaden var komplett 30.06.2026.

Du har søkt om utsett frist for ferdigstilling av tiltak.

Planmessige forhold og dispensasjonar:

Du har ikkje søkt om dispensasjonar.

Vi kan berre gi dispensasjon om dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå, eller lova si føremålsføresegn, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må det vere «klart større fordelar enn ulemper» etter ei samla vurdering, jf., plan- og bygningslova § 19 – 2 andre avsnitt. Det må som utgangspunkt dreie seg om fordelar som er forankra i areal- og ressursdisponeringsomsyn.

Vi syner til uttale frå høyringspartane og vurderer at det i dette tilfellet eventuelt må sendast inn ny komplett søknad.

Vi syner elles til vedtaket her der vi konkluderer med at innvilga søknader ikkje lenger er gyldig.

Merknadar frå naboar og andre:

Klage frå Egil Aakre:

«Klage på utsetting av frister for steinbrudd.

I følge Direktoratet for miljøforvaltning var konsesjon for dette ganske store og svært skjemmende steinbruddet gitt på en dispensasjon av gamle Haram kommune og sidan forvalta av Ålesund kommune.

Løyvet er midt i hjartet av ett naturskjønt LNF område, og som før dette var ett fredelig og trygt bomiljø. I følge direktoratet er dispensasjon frå LNF i slike tilfeller som dette ikkje noko som dei tykkjer om.

Kanskje dette er ei anledning for NYE Haram kommune å avslutte dette på en verdig måte.

Litt om grunnlaget for steinbruddet:

1.

Markedsanalyse og formål med uttak av stein. Først skulle en rydde en tomt for en sveisehall og måtte skyte ut fjell for å få på plass dette. Så trengte Skanska plastringsstein på Nordøyvegen. Ver og vindargumentasjon for å etablere ett steinbrot. Er redd at dette fortsetter utover til fortvilelse for nabolaget og Haramsøya.

2.

Der er andre steinbrot i kommunen som kan forsyne nærmiljøet med stein.

3.

Gitt at arealet fekk ein dispensasjon frå LNF reguleringa og blei øremerka nordøyvegen og samferdselsprosjektet sitt behov for stein ikkje lenger er gjeldende (ferdig 2021), så ser ein ingen markedsgrunn eller anna for at steinbruddet skal få utsett driftstid til 2029.

Må også tilføye at alle fristar har gått ut, også for revegetering av området utan at vi kan sjå at det har blitt tatt tak i dette. I konsesjonsvilkåra var det sett ett vilkår om å avsette midler til opprydding og revegetering av området basert på tidsfrister. Om kommunen forlenger fristen no så blir det tredje gang det blir satt tidsfrist for avslutning.

Får håpe det ikkje blir spekulert i dette ved å stadig søke om utsettelse og vi håper at kommunen har sørget for at midlane til opprydding er på plass.

Vi som er næraste naboer til denne støyfabrikken har vore sterkt råka av dette prosjektet, og håper sterkt på at dette kan avsluttast no.»

Tiltakshavar sine kommentarer til merknader frå nabo:

«Haram Kommune 04.05.2026

Svar på nabomerknad.

Har forståelse at det er flere syn i en sak om industri og utvinnings prosesser.

Fra Haram til Aakre på Haramsøy er det meste av industri jordbruk, eggproduksjon og et steinbrudd i sammenheng med industriområde på Aakre. I den sammenheng vil der være aktivitet fra 0700-1800 på industriområdet. Men når det gjelder jordbruk, så vil aktiviteten der gå sammenhengende fra vår til høst, med dyrking, høsting og stell av dyr, som støyer mer en industriområdet på Aakre

Når det gleder knusing av stein, så knuser vi 80-100 tonn i timen. Så da er det ikke mange dager med knusing av resterende masser som gjenstår på de åra det er søkt om drift.

Vi har hele tiden tatt hensyn til finværs dager, der vi ikke støyer mye, når naboer vil nyte dagene ute. Det er heller ikke vært drift på anlegget siden 2024, så da lurar vi på kor støyen kommer fra som er hevda i klagebrev.

Vi må regne med en bonde er vant til aktivitet rundt seg, selv om den er i pensjonisttilværelse.

Vil kommentere det positive med uttaket av bruddet til industritomt.

- 1982-1985 ble moloen til fiskeri havn på Austnes bygd av stein fra Aakre.
- 1987-2007 ble industriområde utbygd på tomten av steintaket der det er mange arbeidsplasser i dag.
- 2019-2021 leveranser av plastringstein til Skanska for bygging av Nordøyvegen.
- 2020-2021 ble det levert plastringstein til RO-RO kai på Håneset for Stangeland.
- 2021-2022 Leveranse av masser til bygging av ny fylkesveg fra Austnes til Ulla.
- 2022-2023 Levering av plastringstein til Longva Havn.
- 2023-2024 Levering av Plastringstein til sjøfyllinga til Karsten Flem.
- 2025 Levering av masser og plastringstein til ny bru på Harøya molo til Finnøy.
- 2019-2025 Leveranser av masser til privatpersoner på Nordøyane.
- Når industritomten er klar, er det plass til utvidelse av virksomheten.
- Det er avsett midler på sperra konto etter krav fra Dirmin som avtalt.
- Har også prate med mange som bur på øyene, og tilbakemeldingene vi får er at de er glade for at vi har et steinbrudd på øyene.

Vil også påpeke at det ikke har vært leveranser av steinmasser på Vindmølle prosjekt på Harams fjellet, som har vært mye omtalt.»

Konklusjon

Vi kan ikkje godkjenne søknad om utsatt frist til 31.12.2029 for avslutning av tiltaket.

Det er i søknaden opplyst om at siste sprenging av i 2023 og siste knusing vart utført sommaren 2024. Dette inneber at vi dag ikkje har eit gyldig vedtak – ref plan- og bygningslova § 21-9.

Yttarlegare tiltak på eigedomen vil kreve ny søknad.

Dette gjeld imidlertid ikkje pkt 6.3 og 7 i driftsplanen der det står:

6.3 Planlagt opprydding og sikring under drift.

Det blir utført fortløpande istandsetting og sikring av ferdig utteke areal. Renskemasser som består av leire, silt og lyng blir brukt som støyvuller rundt området. Eventuelle tre blir kapp og køyrt bort. Etter at fjellet er ferdig reinska blir det oppsett sikringsgjerde. Under drift blir det permanent gjerde for å sikre området. Steinanker på pallekant og framfor pallefot.

7 Avslutning av berguttaket.

Berguttaket skal avsluttast som ei grovplanert industritomt. Det må sørgast for at inngjerdinga mot fjellskjeringa er intakt, samt reinsking og sikring av eventuelt laust fjell i skjeringane. Fjerning av konstruksjoner, infrastruktur og skrot. Påfylling av jordmasser planting i pallhyller. Eventuell skade på omliggande areal må tilstellast.

Det må sendast inn eiga utgreing for gjennomføring av pkt 6.3 og pkt 7.

Protest frå nabo, eigar av gbnr. 313/2, blir tatt til følge.

Andre opplysningar:

Du har rett til å klage på vedtaket, sjå vedlegg for meir informasjon om klagerett i byggesaker. Aktuelle partar blir underretta om vedtaket.

Gebyr blir fakturert i samsvar med satsar fastsett i kommunestyret, og blir sendt til deg seinare.

Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Om byggearbeidet ikkje er satt i gang innan tre år, eller om arbeidet vert innstilt i meir enn to år, må du søke på nytt, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Du kan ikkje bruke tiltaket før midlertidig bruksløyve eller ferdigattest er gitt. Ved slik søknad må du hugse å leggje ved opplysningar om kvar tiltaket er plassert, slik det er utført. Opplysningane vert sende til e-postadressa på heimesida til Haram kommune.

Vi gjer merksam på at tiltaket blir registrert i Statens kartverk (Matrikkelen). Kommunale vass- og avløpsavgifter kan bli rekna ut frå areal som er ført der.

Gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og reguleringsføresegner skal følgast, med mindre du har fått uttrykkeleg dispensasjon.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 26/126» og gbnr. 313/3.

Ved å gå inn på «Innsyn» på heimesida til Haram kommune kan du søkje på arkivsaksnummer eller gnr./bnr. og finne dokumenta i saka.

Send dokumentasjon via eDialog

Bruk gjerne eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 26/126. Les meir om eDialog på: <https://haram.kommune.no/edialog>

Med helsing
Bent Leite
tenesteleiar

Bertil Skaar
ingeniør
Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:

Andreas Harald Aakre	Haramsvegen 354	6290	Haramsøy
----------------------	-----------------	------	----------

Vedlegg:

Gbnr 313/3 Spørsmål om status i sak - Masseuttak m.m.

Gbnr 313/3 Ber om endringssøknad

gbnr. 313/3 - søknad om utsetting av fristar

D-5 Avslutningsplan 1934-03-A (1)

E-2 Etappevis uttak 1934-F1-B (1)

E-3 Snitt ferdig tomt 1934-F2-A (1)

Q-14 Brev søknad 2026 om utsette fristar

Søknad om endring av gitt løyve 2026

Nabomerknad frå Egil Aakre

Svar på klage på steinbrudd Aakre 040526

Gbnr. 313/3 - Haramsvegen 353 - Uttale til søknad om dispensasjon for utvida tidsrom for masseuttak

Gbnr. 313/3 - Uttale i forbindelse med søknad om utsett frist for avslutning av masseuttak m.m.

Gbnr. 313/3 - Haramsvegen 353 - Høringssvar - masseuttak m.m. - dispensasjonssak

Gbnr. 313/3 - Haramsvegen 353 - Uttale - utsatt frist for avslutning - dispensasjon - masseuttak - masselagring mv

Orientering om klagerett i byggesaker - Haram kommune - Plan

		Lovheimel:
Kven har rett til å klage?	Den som er part i saka, eller som har rettsleg klageinteresse, kan klage på vedtak i byggesak.	Forvaltningslova (Fvl.) § 28
Kva kan du klage på?	Enkeltvedtak, dvs. vedtak som er bestemmende for rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. Du har ikkje rett til å klage på forhold som er avgjort i bindande reguleringsplan eller dispensasjon, etter at fristen for å klage på dei vedtaka er gått ut.	Fvl. § 28, jf. § 2.
Klagefrist	Klaga må vere postlagt innan tre (3) veker etter at du fekk melding om vedtaket. Det vil si at du må sende klaga innan tre veker frå den dagen melding om vedtaket vart lagt i di postkasse, postboks eller blei levert på anna måte. Om du ikkje har fått melding, er klagefristen tre veker frå du fekk eller burde skaffa deg kjennskap til vedtaket. Sjølv om klaga blir sendt for seint kan kommunen behandle klaga dersom a) du ikkje kan lastast for at fristen ikkje blei haldt eller for å ha drygd med å klage etterpå, eller b) det er «særlege grunner» til at det er rimeleg at klaga blir prøvd.	Fvl. §§ 29 og 30 Fvl. § 31
Kva må du ta med i klaga?	Klagen må: - vere signert - angi kva vedtak det klagast på - angi kva endringar ein ønsker - eventuelt gi opplysingar om oppfylling av klagefrist (om det er tvil om klaga er sendt til rett tid). I tillegg bør klagen vere grunngitt, og gi eventuelle andre opplysingar som kan ha betyding for kommunen si vurdering. Om det er feil eller manglar ved klaga, få du ei kort frist for å rette eller utfylle klaga.	Fvl. § 32
Kven kan du klage til?	Klaga skal sendast til: Haram kommune Plan I PELT (Plan Eigedom Landbruk Teknisk) Postboks 33 6282 Brattvåg	Fvl. § 28

	Eller du kan bruke eDialog eller e-postadressa til kommunen.	
Vidare saksgang:	Klaga blir først vurdert av den instansen som har gjort vedtaket. Om tenestekområdet ikkje finn grunn til å endre sitt vedtak blir saka behandla i Planutvalet (PU). Om PU held fast ved det opphavlege vedtaket, vil saka blir sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.	Fvl. § 33
Når blir klaga behandla?	Innan åtte – 8 – veker	SAK § 7 – 1, jf. § 7 – 2 fjerde avsnitt.
Kva skjer med byggearbeidet i mellomtida?	Sjølv om det er klaga over vedtaket, kan ein gjennomføre vedtaket straks det er gjort. Det betyr at byggearbeidet kan starte, så snart det er gitt igangsettingstillatelse. Kommunen kan bestemme at arbeidet ikkje kan starte opp før klaga er avgjort, om kommunen finn grunn til det.	Fvl. § 42
Rett til innsyn og rettleiing	Part i saka har rett til rettleiing. Partane har normalt også rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Du finn dei fleste sakene og dokumenta på heimesida til kommunen ved å velje «Innsyn». Om dokumenta ikkje er tilgjengelege der, kan du vende deg til kommunen med spørsmål om innsyn via e-postadressa på heimesida til Haram kommune.	Fvl. § 11 og § 18.
Rett til å krevje grunngjeving:	Om vedtaket ikkje er grunngjeve, har du som er part i saka rett til å få særskilt grunngjeving for vedtaket. Klagefristen blir utsett til etter at du har fått grunngjevinga.	Fvl. § 24 og § 25
Kostnader ved å klage	Du kan søke om å få dekt utgifter til nødvendig advokathjelp. Her gjeld visse grenser for inntekt og formue. For meir informasjon om dette ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eller advokat. Om du får medhald i klaga kan du i nokre tilfelle krevje dekning for vesentlege kostnader som har vore nødvendig for å endre vedtaket til din fordel.	Fvl. § 36